



## Referat frå møte i Samarbeidsutvalet (SU) tysdag 10. 12.19

Til stades: Judith Marie J. Tollaksen (Elevrådet), Sveinung Hemnes (Elevrådet), Kathrine Sletten (FAU), Andreas Gustavsen (FAU), Kristin Maartmann (lærer), Dag Eirik Einarsen (lærer), May Elin Ådland (representant andre tilsette) og Hege Mæhle (rektor/kommunal representant).

### Saker:

11/19

#### **Skuleruta – forslag til avspaseringsdag**

SU vart einige om at skulen avspaserer fredag 20.mars 2020 for kveldsarrangementet 6.mai 2020. Skuleruta vil bli redigert og lagt på heimesida til skulen.

12/19

#### **Trafikksituasjonen**

FAU og skulen har hatt eit godt samarbeid i samband med trafikksituasjonen på Åkra den siste tida. Me har tatt kontakt med kommunen for å få nødvendige tiltak i gang. Etter kvart kom både trafikkdirigentar, meir lys og refleksvestar til elevane på plass. Me vil halda fram med å be kommunen om god og nødvendig informasjon med tanke på heile trafikksituasjonen rundt skulen. Det er også viktig med god informasjon til føresette.

13/19

#### **Saker frå Elevrådet**

- Logo på skulegenser – Elevrådet arrangerer konkurranse blant elevane for å få teikna ein fin logo til skulegenseren.
- Innkjøp av leikeapparat for pengane frå barnas kommunestyre – elevrådet diskuterer kva dei skal kjøpa.
- Elevrådet etterlyser fleire/betre sykkelstativ. Det har vore lite respons frå kommunen.

14/19

#### **Eventuelt**

- Lys i jungelen – FAU undersøker med styret i Åkra IL om me kan arva lyskastarar til å få meir lys i jungelen på kveldstid. Er det mogleg at me får til eit samarbeid med elevar på Åkrehamn vidaregåande med å få montert lyskastarar?

Grindhaug skole 16.12.19

Hege Mæhle  
Sekretær i SU

